

Havabbor på to kilo fanga

15.11.2007



Havabboren som vart fanga i Uskedalen var 58 centimeter.

I førre veka fanga Alfred Eidsvik i Uskedalen ein havabbor på to kilo. Han var 58 centimeter lang, melder Grenda. Fisken var relativt stor sjølv om den norske rekorden er seks kilo.

Havabboren har vorte stadig vanlegare langs vestlandskysten dei siste åra. I Hordaland er det helst i dei ytre delane den er å finna, men Havforskningsinstituttet meiner at fisken er fanga så langt inne som i Mauranger.

Oppdrettsfisk frå utlandet eller havabbor frå Oslofjorden vert i fiskebutikkar i hovudstaden omsett for 150-160 kroner pr. kilo.